

## M ø t e r e f e r a t - F A U

**Sted og dato** 4-2-2016 / Gossen Barne og Ungdomsskole  
**Utgivelsesdato** 8-2-2016  
**Referent** Ingrid Ilestad  
**Tilstede** Berit Eckhoff Husøy, Heidi Falkhytten, Cecilie Gunnerud Rønstad, Odd Jørgen Nilsen, Jostein Vengen, Ellen Grebstad, Ragnhild Sporse, Ole Kristian Løvik, Asta Pauline Kjellnes, Nina Bakkemyr, Sigmund Bakkemyr, Janne Beøy, Rune Stig Skeide, Grete Sporsheim Småge, Åse Magerøy Løvik, Jan Kåre Stubseid, Oddny Elin Hukkelberg, Frank Vestad, Ane Julnes Varhaugvik, Mari Lotte Julnes, Ingrid Ilestad

Sak		Status
1	Referat	Kommentar til forrige møtereferat, sak 5 Prosjektet «Å høyre til»: Gossen barne- og ungdomsskole vil saman med Julsundet skole og kultureininga søke på midlar for å kunne få inn ekstern kompetanse i tillegg til det vi jobbar med sjølve.
2	Mobbing – vegen framover	<p>Jostein orienterte om arbeidet med skolemiljøet. Alle er opptatt av korleis miljøet er på skulen og i klassen er. Kven har ansvaret for eit godt miljø? Miljøet på skulen bør bli betre! Ansvaret ligg hos foreldrene, elevane og dei tilsette – alle må samarbeide om felles mål!</p> <p>Jostein melder om ei skummel utvikling i ordbruk og holdning. Vi opplever at nokre elevar manglar respekt for dei tilsette og gjer dei tilsvar når dei blir tilsnakka. Elevar som tek seg til rette får status blant medelevar. Det er mykje aggresjon spesielt blant gutane. Konflikter er eit aukande problem på skulen og for mykje av tida til dei tilsette blir brukt på konfliktløysing. Dette er viktig tid som skulle vore brukt til undervisning og læring. Vi foreldre er viktige rollemodellar!</p> <p>Vi vaksne må arbeide mot eit felles mål om å bekjempe dette. FAU skal sjå på Foreldrevett-reglane igjen og det blir innkalla til eit møte i SMU for å jobbe vidare mot eit godt skulemiljø og at alle skal være inkludert og høyre til!</p> <p>Målet er at gjennom eit godt samarbeid mellom heim og skule kan vi forbetre skulemiljøet!</p>
3	Nettvett	Odd Jørgen orienterte om nettvett. Tørr å sette grenser for barna. Vær bevisst på kor gamle dei er når dei får mobil, bruken av nett osv. Det kjem stadig nye former for sosiale medier. Vi må følge med på kva nettsider barna er inne på. Vi foreldre må vise at vi følger med og at vi bryr oss. (sjå vedlegg)

		<p>Odd Jørgen har vore ute i klassar og prata med elevane om nettbruk. Han spør då om dei har blitt utfordra på å kle av seg på nett. Det er viktig at vi foreldre spør barna om dette og at vi følger med. Odd Jørgen minnet på personvernet; det er forbudt å spre bilder utan at personane på bildet samtykker!</p> <p>Monge arbeidsgivarar undersøker facebook før eit intervju/ansettelse. Vær bevisst – det er vanskelig å slette!</p> <p><a href="http://www.Nettvett.no">www.Nettvett.no</a> <a href="http://www.ung.no">www.ung.no</a> <a href="http://www.slettmeg.no">www.slettmeg.no</a></p>
4	Skuleskyss	<p>Nina Bakkemyr og Sigmund Bakkemyr frå Aukra Auto stilte for å svare på spørsmål om skuleskyss og skulerutene. Dei melder om at det er mange uheldige situasjoner i forhold til bilar som køyrer/parkerer i og rundt busslomma ved henting/bringing. Spesielt er dette eit problem på fredagar. Dei har ikkje merka noko betring etter kampanja «Trygg skuleveg». Skiltinga på området blir ikkje fulgt. Odd Jørgen har fått spørsmål frå Torstein Engstad i Aukra kommune om å følgje opp kampanjen ved å stille i uniform og veilede foreldra nokon dagar. Om dette ikkje gir noko virkning må det skrivast bot (5000,-)til dei som ikkje følger skilting av busslommen.</p> <p>Det er fylkeskommunen som er ansvarleg for skuleskyss og ruteoppsett. Alt regelverk ligger på deira heimesider <a href="http://www.mrfylke.no/samferdsel">www.mrfylke.no/samferdsel</a> Frå nyttår 2017 vert skuleskyss lagt ut på anbud av fylkeskommunen.</p> <p>Det er kome spørsmål om det kan endrast på rutene slik at elevane som går først på om morgonen ikkje må vente til slutt. Aukra Auto har tidlegare prøvd å endre på dette. Dei må tenke trafikktryggleik og legge opp rutene slik at dei køyrer minst mogleg kilometer og at den største mengden elevar får gå av først.</p> <p>Aukra Auto melder om at dei er fornøgde med nye rutiner med setebelte, skysskort og bussvakter. Det er blitt roligere på skulebussane. Ta direkte kontakt med Aukra Auto om det er noko!</p> <p>OBS: Dersom nokon skal ha bursdag rett etter skulen og skal ta buss må ein vere klar over at dei ikkje har rett på sitteplass i bussen og at dei som ikkje tek den bussen til vanleg må betale.</p>
5	Eventuelt	<p>Kan kvar enkelt klassekontakt kalle inn til foreldremøte for klassen dei representerar? Ja.</p>

Møtet slutt kl 20.45 Neste møte: 10. mars.

Referat blir lagt på Aukra kommune sine heimesider under Skole>Grunnskolar i Aukra>Gossen barne- og ungdomsskole>Råd og utval>FAU